



# Årsmelding - Keipen Turlag 2021

Org. nr: 911830477

## Styret har i 2021 vore samansett slik:

Leiar : Jannike Brenden Frøyen  
Nestleiar : Steinar Isene  
Kasserar : Kirsten Grotle  
Sekretær : Sølvi Joensen  
Styremedlem : Svanhild Liset  
Styremedlem : Kristin Vik Sparvath - Barnas Turlag  
Varamedlem : Johnny Røys  
Varamedlem : Sverre Petter Kjerpeset

**Revisorar** : Kåre Myklebust og Bjørg Didriksen  
**Valnemnd** : Per Arne Sæterlid og Evy Dombestein

## Barnas Turlag Keipen:

Leiar: Kristin Vik Sparvath  
Inger Lise Langedal  
Mildrid-Annette Indredavik  
Siriann Borgund  
Evy Dombestein

## Turleiarar:

Inger Lise Langedal, Svelgen	turleiar 2010	
Kjell Morten Langedal, Svelgen	turleiar 2010	
Steinar Isene, Svelgen	turleiar 2011	
Sverre Petter Kjerpeset, Bremanger	turleiar 2014	sommarturleiar 2015
Per Arne Sæterlid, Svelgen	turleiar 2016	
Jannike Brenden Frøyen, Kalvåg	turleiar 2017	breførar 2021
Gry Hege R. Gulestøl, Svelgen	turleiar 2021	
Stine Svoen, Svelgen	turleiar 2021	
Tobias Bueie, Svelgen	turleiar 2021	
Johnny Røys, Svelgen	turleiar 2021	
Liv Sigdestad Brekke, Svelgen	turleiar 2021	
Elisabeth B Hatlenes, Davik	turleiar 2021	

## Ansvarspersoner i organisasjonen:


- Web-side: Kirsten Grotle
- G-mail Keipen Turlag: Jannike Brenden Frøyen
- G-mail Barnas Turlag: Kristin Vik Sparvath
- Facebookside Keipen Turlag: Jannike Brenden Frøyen/Kirsten Grotle
- Facebookside Keipen Turlag Turboktrim: Jannike Brenden Frøyen
- Facebookside Barnas Turlag Keipen: Kristin Vik Sparvath
- Instagramkonto: Svenn Petter Kjerpeset
- SjekkuT: Svenn Petter Kjerpeset.
- UT.no: Kirsten Grotle
- Opptur 8. kl: Kirsten Grotle
- Ålfoten landskapsverneområde: Svenn Petter Kjerpeset
- Fjelltrimmen Indre: Sissel Sandvik Igland
- Turboktrim: Svenn Petter Kjerpeset og Jannike Brenden Frøyen
- Turorientering: Steinar Isene
- Turleiargruppa: Jannike Brenden Frøyen
- Barnas Turlag Keipen: Kristin Vik Sparvath
- Hyttevertane: Sissel Sandvik Igland
- Lageransvarleg: Jannike Brenden Frøyen
- Hytteansvarlege:
  - Knekkevasshytta: Steinar Isene
  - Moldahytta: Karsten Løvseth
  - Martinbu: Liv S. Brekke
  - Olavsbu-Hornelen: Jon Rune Nygård
  - Langhuken: Per Arne Sæterlid
  - (Vetehytta: Kirsten Grotle)
- Ansvarlege T-sti:
  - Ålfotbreen: Steinar Isene
  - Gjegnen: Svenn Petter Kjerpeset
  - Keipen: Tore Sjørgulen
  - Vingesætra: Kjell Morten Langedal
  - Hornelen frå Berleneset: Svanhild Liset
  - Hornelen frå Hunskår: Jon Rune Nygård
  - Vetvika rundtur: Kirsten Grotle

## Medlemmar:

Oppgang på 6 medlemmer. Familie hovud og familie hustaind er slått saman. Vi såg eit lavt medlemstal i starten på 2021, så oppgangen i medlemstalet, har vore i haust.

	2019	2020	2021
<b>Familie hovud</b>	24	24	
<b>Hovedmedlem</b>	61	55	55
<b>Ungdom</b>	6	5	3
<b>Honnør /Senior</b>	30	36	35
<b>Livsvarig</b>	1	1	1
<b>Barn</b>	13	6	5
<b>Skuleungdom</b>	6	5	2
<b>Husstandsmedlem</b>	20	18	20
<b>Familie hustaind</b>	88	89	122
<b>Uføjr medlemskap</b>			1
<b>Gåvemedlemskap</b>			1
<b>Total</b>	249	239	245

Heidersmedlem (livsvarig): Oddmund Leirvik



## Møte:

Vi har gjennomført årsmøte, 7 styremøte og handsama 69 saker. Møtelokala har variert noko i år pga. Covid-19, fleire møter var lagt privat hos Sølvi Joensen på Davik, men etter at lager/kontor kom på plass i Rugsund denne sommaren, har møtene vore lagt der.

Styret har utanom styremøtene holdt kommunikasjon via Messenger- gruppe.

Saker vi har jobba med er m.a. gjennomføring av planlagde aktivitetar, administrasjon med rapportering og søknader, boksalg, dugnad Knekkevasshytta, dugnad Martinbu, dugnad merking av sti til Hornelen, Keipen, Ålfotbreen, Vingesætra, endra merkinga av stien til Vetvika som no er blitt til ein ny T-sti, kloppelegging Hornelen-sti frå Berleneset, dugnad lager/kontor i Rugsund, ferdigstilling Langhukken, dugnad Olavsbu-Hornelen, fellesturar, fjelltrim, turorientering og turboktrim, nasjonale turdagene.

Vi har òg utdanna 6 nye turleiarar og ein breførar, samt vore vertskap for SFT sin DNT- ung Basecamp i Dalen

#### Andre møter:

- Årsmøte til SFT på Skei; Jannike og Kirsten
- Evalueringmøte etter årets tursesong og planlegging av fellesturar 2021; turleiarar
- Konsulent for Torkjell Djupedal i arbeidet med ny Opptur-bok; Kirsten
- Ålfoten Landskapsvernområde; Svenn Petter
- Div. Webinar og møte vedrørende Covid-19; Jannike
- Barnas Turlag har hatt 4 møter
- Fellessamling Tungestølen; Jannike og Steinar
- Leier Jannike har sete i Kontingentutrekningsmodell-utval i SFT. 5 møter

#### Andre oppdrag:

- Tur til Hornelen med klima og miljøvernminister Rotevatn, Bergen og Hordaland Turlag, Miljøutvalg osv; Jannike
- 50 års -jubileum IST; Jannike og Svenn Petter
- 100 års- jubileum Svelgen Kraft; Kirsten, Steinar, Svenn Petter og Jannike

### Presse, markedsføring:

Annonsering ang. bokslepp i Svelgen

Bremanger turistinformasjon er flinke til å minne om aktivitetane våre.

Fjordenes Tidende og Firdaposten Vi har hatt innlegg i sommarmagasina

Bergens Tidene og FJT: Besøk av klima og miljøvernminister Rotevatn på Hornelen

Firdaposten, delt og markedsført Blåbrebu-turen

Fjordenes Tidende og Firdaposten. Hornelen-dugnaden

Fjordenes Tidende: Etter jobb-spalte før helga.

Firdaposten: intervju med leder angående nytt lokale og aktivitet.

TV2 Play: presentert leder i Keipen Turlag i serien Alex og Aune

Firdaposten: keipen Turlag nemt i forbindelse med trappegang i Kraftstasjonen

### Kommunikasjon:

Heimeside: keipen.dnt.no

E - post: keipenturlag@gmail.com

E-post: barnasturlag.keipen@gmail.com

Facebook; Keipen Turlag, Keipen Turlag Turboktrimmen og Barnas Turlag Keipen

### Dugnad:

	2020	2021
Styremøte og anna administrativt arbeid	332	769
Feltarbeid (vedlikehald hytte, traséval, sti merking,)	297	706
Turleiing	151	308
Anna	275	332
<b>Sum dugnad</b>	<b>1055</b>	<b>2141</b>

## Samarbeid:

Ålfotbreen landskapsvernområde: Delteke på møte

Draumeplassen Dalen: 30 års bruksrett frå desember 2019

(Bremanger kommune/Fylkeskommunen og Vetendløpet/BIL: Dugnad knytt til Vetehytta)

Økonomisk samarbeid: Vi har avtale om 20 % rabatt på kjøp av klær og sko til ordinær pris ved Sports Måløy/Deknepollen.

Georeg: kjøp av elektronisk turregistrering

## Sponsor/Gåve:

Fått 6 sykler (passer Ung) med hjelmer og sykkelpumpe etter nedlegging av SFT kontoret

Fått 5 hengekøyer etter nedlegging av SFT kontoret

Sponsorat: søkt og fått midler frå

SFE: lager/kontor i Rugsund – 25000 kr

Enivest: Kjøp av kanoar/ferdigstilling Langhuken – 20000 kr

Mowi: Utbetring av sti Berleset, innreiing av soverom på Moldahytta og utbetring av sti i området – 50000 kr

Sparebankstiftinga: Prosjekt reparasjon Olavsbu – Hornelen - 50000 kr

## Hytter:

**Knekkevasshytta;** eigd av Svelgen Kraft AS/SFE og drifta av KT. Hytta er DNT ubetjent hytte, DNT - lås og besøksprotokoll. KT har hatt avtale på hytta siden 2012. Tilsyn: Steinar Isene

**Martinbu;** Hytte frå 2010. Liv Sigdestad Brekke har tilsyn med hytta og pynter gjennom året.

**Moldahytta;** eigd av STIF og drifta av KT, dagens avtale frå 2017. Døra inn til gangen er open og der finn vi dei ulike turbøkene. Det er ordna med nøkkelboks med kode til innvendig dør i hytta. Nødvendig ettersyn og m.a. rensking av brønn er utført av tilsyn Karstein Løvset.

**Olavsbu;** Olavsbu er ei enkel steinbu på toppen av Hornelen. Dette er ei nødbu og med sitjeplass til nokre få personar. I hytta finn du hyttebok og flagg. Vi har tradisjon for å heise flagget til topps den tida vi er på toppen. Hytta var bygd i samband med heksefestivalen som vart arrangert i Berle sommaren 1990 og var laga i Svelgen. Elementa vart frakta opp med helikopter. Ein kameratgjeng frå Svelgen/Bremanger monterte den der. Hytta vart først gitt i gåve til grendalaget i Berle og i 2019 fekk Keipen Turlag tilbod om å ta over Olavsbu. Sidan det er ei anna hytte i DNT-systemet som ligg i Jotunheimen med namnet Olavsbu, er vi konsekvente på å bruke namnet Olavsbu-Hornelen.

**Langhuken;** Gapahuk ved Langesjøvatnet, bygd i 2019 ferdigstilt 2021. Plassert etter avtale med grunneigarene i Ålfoten, tilsyn Per Arne Sæterlid.

**(Vetehytta;** KT er i samtale med kommune om tilsynsavtale i samarbeid med Vetendløpet/BIL.)

**Vertskap på hyttene:** Sissel Igland, Anne Karin Vårdal, Audhild Vistnes, Jorunn Styve, Liv Sigdestad Brekke og Kirsten Grotle.

## Aktivitetsåret!

### Bokslepp Opptur, sal 100 bøker.

Den 5. desember 2020 hadde turlaget bokslepp i Svelgen av boka «Opptur Kysten Sogn og Fjordane» med forfatter Torkjell Djupedal. Keipen Turlag hadde nært samarbeid med Djupedal under produksjonen og det var Kirsten Grotle som hadde denne kontakten og ansvaret.

Keipen Turlag hadde kontraktfesta at vi skulle selje 100 bøker, dette lukkast vi med og ga god inntekt til KT.

### Presentasjon/kursing i innføring av Georeg.

25. mars 2021 arrangerte Keipen Turlag kurs og presentasjon av Georeg. Dette var arrangert av Jannike som hadde forberedt ein PowerPoint- presentasjon. Kurset var i samfunnshuset i Svelgen.

Det er frå 2021 innført elektronisk innsjekk på Turboktrimmen sine 10 postar og årsmøtet 2020 bestemte at Fjelltrimmen Indre og skal digitaliserast frå turåret 2022.

### Dugnad på Knekkevasshytta.

Første helga i juni (fredag 4.- søndag 6.) arrangerte vi stordugnad på Knekkevasshytta.

Steinar Isene, ansvarleg for tilsynet med hytta, var òg hovudansvarleg for dugnaden. Det var mykje forberedelse, innkjøp av utstyr, samt plan for helga i forkant. Jannike tok ansvar for fellesmåltider og innkjøp av dette. Kirsten disket opp med kaffemat.

Vi konkluderer med ein særdeles vellukka dugnad. Det vart mange dugnadstimar i forkant, med blant anna bæring av materiale. Oddmund Leirvik hadde laga byggeteikning på do-taket og utstyrsliste. 10 personar utførte arbeidet denne helga : m.a. maling av heile huset og utedo, nytt tak på Dassidyll, skilting til vasskjelde, skogrydding, vedkløyving, veggpanel på to soverom, gardinstenger på kjøkken, rullegardin soverom og tømning og vasking av to skråkott.

Etter avslutta dugnadshelg kom fire arbeidsame damer frå hyttevertskapet opp og hadde nedvask av heile huset.

Dugnaden vart presentert som ei «Suksesshistorie», under fellessamlinga på Tungestølen i september.

Knekkevasshytta har fått T- skilt som markerer vår eige og viser alle velkommen!

### Dugnad på Martinbu.

I juni har Martinbu fått seg eit løft, Liv Sigdestad Brekke som har tilsynet med Martinbu, har åleine beisa heile hytta, rekkverk og tilbehør og olja terrassen. Ho arrangerte seinare i år 10 års-fest på hytta.

Martinbu har fått T-skilt som markerer vår eige og viser alle velkommen!

### Dugnad T-sti Berleneset – Hornelen.

I juli kom det kloppar på det våte partiet i starten på turstien frå Berleneset. Ein rask og effektiv dugnad som grunneigar Johan Inge Sylta tok mykje ansvar for. Han samla nokre lokale personar og skrudde og la ut kloppane, i tillegg til å klippe og rydde litt i stien der den var gjengrodd. 4 stk utførte arbeidet. Johnny Røys planla kloppane og sørge for bestilling av materiale og tilkjøring. Kirsten Grotle har tørket starten av stien med eigenprodusert bark.

Det er kommunisert med kommunen og godkjent at det kjem opp VIPPS-plakat med inntekt til turlaget med eit frivillig beløp.

## **Maling og utbedring av T Stier.**

Vi har pr 2021 sju T- stier og totalt 72 km som er raudmala med T.

**Vetvika.** Rundturen via Svarstad: Ansvarleg: Kirsten Grotle (NY T-merka TUR)

Kirsten og Else Moe har i år malt opp heile turstien med røde T`er frå Svarstad, ned bakken frå Vetvikdalen og retur via ura til Svarstad ca 15 km med ny T-sti.

**Ålfotbreen.** Ansvarleg: Steinar Isene

Steinar, saman med Kirsten Grotle og Else Moe mala opp heile stien til Ålfotbreen

**Keipen.** Ansvarleg: Tore Sjørgulen.

Tore har åleine malt opp og restaurert vardar på heile stien frå Sjørdalstrappa til Keipen.

**Vingesætra.** Ansvarleg: Kjell Morten Langedal

Her er det merke med nymalte T`er frå Martinbu til over brua. Ca 1 km står igjen, i tillegg til rydding av tilvokst sti før Tjønnvatnet. Det er Bjørg og Hans Didriksen som har mala. Vêret i haust har stoppa arbeidet frå og bli 100% ferdig.

**Hornelen frå Hunskår.** Ansvarleg: Jon Rune Nygård

Har mala nye T`er der det er behov frå Hunskår til stikrysset nede i dalen

**Hornelen frå Berleneset:** Ansvarleg Svanhild Liset

Stien vart mala i fjor, men har fått utbetring med klopper på myra ved starten i år.

**Gjegnen.** Ansvarleg Svenn Petter Kjærpeset.

Stien er godt merka frå tidlegare. Nytt av året er at etter møte i Ålfoten landskapsverneområde, er det no blitt gitt løyve til å merke vidare i verneområdet med merkepinner.

## **10 års Jubileum Martinbu.**

8. August 2021 vart det invitert til 10 års-markering av Martinbu. Liv Sigdestad Brekke sto for arrangementet, og ordnet ut alt sjølv. Det er rett nok 11 år siden Martinbu sto ferdig, men covid-19 sette stoppar for markeringa sist år. I nydeleg vêr, var det nærmare 40 personar i ulike alder som besøkte hytta og fekk servert kaffi, saft og kaker. Den nymalte hytta var pynta med både ballonger og flagg i stanga.

## **Vertskap for BaseCamp DNT Ung Sogn og Fjordane.**

I år hadde SFT/DNT-ung sin BaseCamp sommar i Dalen, Bremanger. Dalheim og Draumeplassen (som Keipen Turlag har vore med og finansiert og har 30 års bruksrett på) var basen for Campen.

Kirsten Grotle har tatt mykje av ansvaret under BC. Både synfaring i forkant, guiding til Vetehytta, krabbekoking i fjæra og naustet heime hos henne osv. Jannike hadde mykje kontakt undervegs i forkant og fekk køyrt alle syklane på plass til ungdommen kom.

Ungdommen brukte store deler av dagen ut i Bremangerbygda område Grotle, så det var lange sykkeletapper for å komme på plass til aktivitet. Dei melde og tilbake om store mengder knott på kveldstid, som hindra ungdommen å vere utendørs.

## Dugnad gapahuken på Langesi. «Langhuken»

Etter synfaring kunne ein sjå at litt arbeid gjensto på denne flotte tømmer- gapahuken på Langesi. Ansvarleg for dugnaden var Per Arne Sæterlid, som har ansvaret for tilsyn gapahuken og for tidlegare arbeid, saman med Gabriel Ossencamp.

Det var 14 personer som utførte dugnaden denne helga. Arbeidsoppgåver var bering av materiale, beising av gapahuken, golv innvendig, saging og rydding av skog, tillaging av leirplass, benker innandørs, rydding av området for inn/uttaking av kanoar, stativ til kanoar og transport av to nye kanoar som er plassert og låst med DNT-lås.

Per Arne har snakka med grunneigarane og fått løyve til å merke tursti til gapahuken. 30 grønne merkepinnar er innkjøpt og merka med refleks.

Langhuken har fått T-skilt som markerer vårt eige og viser alle velkommen!

## Opptur 9. kl. og 10. kl.

Etterslep av ordinære oppturdagar i mai 2020 og 2021, for 8. klasse, grunna covid-19.

To onsdagar i september ble satt av til Opptur. Først ut var 9. klasse. Den 8. sep, i noko regn, var det 40 våte vaksne og ungdom inne på Knekkevasshytta og åt nista si. Onsdagen etter, 15. sep, var det 10. klasse sin tur. I eit nydeleg haustvêr var det 36 personer som sat utandørs i godvêret.

Per Arne Sæterlid hadde ansvar for guiding og geologien, Magne Kjerpeset fortalte historier frå huset og livet rundt kraft og drift. Kirsten og Jannike var med som turleiarar og opning/stenging av hytta.

## Dugnad Olavsbu-Hornelen.

Laurdag 25. sep var det stordugnad på Olavsbu-Hornelen. Jannike Brenden Frøyen hadde ansvaret for dugnaden på steinbua, som Jon Rune Nygård har tilsynet av.

Det var mykje forberedelser i forkant av dugnaden. Sist sommar var Oddmund Leirvik oppe og synfarte kva arbeid som måtte og burde utførast. Han lagde gode byggeteikningar og sørnga for innkjøp av alt stålvirke. Vi fikk sponsa beslaget og knektane bestilt hos Klausen Industri AS i Svelgen.

Jannike sørnga for at anna utstyr kom på plass, søkte helikopterløyve og Airlift ble leigd inn for å frakte bigbag og arbeidsfolk til toppen.

I forkant av arbeidet hadde dugnadsgjengen på seks personer møte i Rugsund og gjekk gjennom utstyr og planteikningane.

Det var litt utfordring på morgningen med skodde i toppen, så nokre timer etter planlagt kom arbeidet i gang. Det vart lagt ny knotteplast, beslag over mønet og mura opp stein på utsida. Vindu vart limt fast og mura rundt. Innvendes ved døra, vart det reparert med trevirke der betongen var sprengt bort, ny bokstav på døra, montert vinklar inne for å forsterke mønestokk og heile hytta vart rydda og kosta. Store mengder søppel og utstyret ble frakta ned igjen av arbeidsfolket med store ryggsekker.

I etterkant ble det interesse både frå Fjordenes Tidene og Firdaposten som delte bilete i sine aviser

Olavsbu-Hornelen har fått T skilt som markerer vår eige og viser alle velkommen!



## Lager og kontor med møteplass i Rugsund.

Eit sårt sakna lager er på plass. Etter avtale med SFE har vi leigd ein 60 m<sup>2</sup> garasje i deira lokale i Rugsund. Forsinkelsane har stått i kø då planen var overtaking i januar, men det vart juni før lokalet var tømt.

Jannike har tatt hovudansvaret for lageret saman med Kirsten.

Etter overtakinga har veggjar inne blitt malt to strøk, ytterdør montert, malt ute og dør mot resten av lokalet tetta. Innkøp av hyller, kontorskap og div nødvendig utstyr er gjort. Vi har fått gammal spisestove til møtebord og kontorpult og stol.

Alt utstyr som er eigd av Keipen Turlag er samla inn frå bygda, reingjort, kontrollert opp mot innkjøpsliste og registrert. No er alt lagra i plastkasser, godt merket og lett tilgjengeleg til bruk.

Mange dugnadstimer er lagt ned i dette lokalet som vi sidan sommerferien og har hatt alle styremøter og turleiar-møter.

Vi har motteke sponsing frå SFE til lokalet.

Utvendig er det så klart komt opp eit flott stort skilt med Keipen Turlag tekst, vår logo og T- logoen. Godt synleg for alle forbipasserande.

## Ettermiddagstur.

På forsommaren arrangerte Kirsten og Svanhild turar på ettermiddagen. Tanken er lågterskeltur, gjerne med litt historisk innhald.

Det vart gjennomført to turar. Desse var svært vellukka. Ein til Storehovden i Kalvåg og på fjære sjø kunne ein og denne dagen besøke Geitholmen. Ein til Moldahytta og jakthytta på Ytrehus der ein bl.a fikk sjå korleis grytene veks på tre.

Totalt var det 22 personer med på desse turane.

## Keipen UNG.

Her er det manglande aktivitet og det har i år ikkje vore nokon ansvarlege. Nokre innafor alder til Ung har vore med på fellesturar og vi ser då at Randonee er populært. Elles er to arrangement i OPPTUR arrangert, og vi har vore behjelpelege for DNT ung sin BaseCamp sommar i Bremanger.

Vi jobba litt dette året for å skaffe nokon til å ta ansvar for gruppe Ung. Vi håper på oppsving neste år.

## Turorienteringa 2021.

Ansvarleg er Steinar Isene

Turorientering vart starta i Svelgen i 1976 av Svelgen Turn og Idrettsforening. Keipen Turlag overtok i 2007.

I 2021 har det vore ein fin økning frå siste år. Det vart selt 52 kort/brev, og 42 stk leverte ferdige klippekort.

Den største økningen vi hadde var barn under 8 år, der var økningen fra 1 sist år til 6 stk i år. Dette er kjempekjekt, så håper dette fortsetter.

Det er 3 stk som får 20-års plankett i år. Desse har fullført i 20 år.

Det er 1 stk som har fullført 35 ganger og får 35-års plankett.

Turorienteringa i år har gått på disse plassane:

Skogsvei Hessvika, Rise – Gravplass - Risevatn, Vingevatn og Storfosstunnel – Demningen

## **Barnas Turlag Keipen 2021.**

Året starta med å fortsatt vere prega av COVID. Trass dette, fekk vi arrangert KDU 7. februar ved Karlskarstova i Myklebustdalen. Dette vart eit flott vinterarrangement i nydelege omgjevnadar. Det var kaldt, men med sol og aktivitet holdt vi varmen.

Det blussa opp ei ny smittebølge av Covid så vi hadde 2 arrangement i april og mai som vart avlyst grunna dette (Moldahytta 11.april, Knekkvasshytta 9.mai).

I juni arrangerte vi tur til gapahuken ved Langesi. Det var surt og vått denne dagen, men det sette ikkje noko dempar på turgleda. Dette er ein flott plass, som vi er veldig glade for at blir rusta opp og prioritert dugnadstimar på.

I august arrangerte vi fellestur med Troda 4h til Furuhovden på Davik. Dette var eit godt samarbeid, og ei form vi gjerne kan ta med oss vidare.

Kom deg ut haust var 5.september. Denne arrangerte vi ved Draumeplassen i Bremanger. Dette er og ein flott plass, og borna kosa seg med frileik og i klatrestativa.

Resten av året har vi planlagt reflekstur 6.november, og nissemarsj 11.desember.

I år valde vi å gå vekk frå barnas turbotrim. Dette då vi har sett at det kunn er barn av dei som er i styret som har delteke på desse turane. Vi ser at det er behov for å få inn fleire i styret, og gjerne nokon frå ytre.

Vi er nøgde med å ha fått arrangert ein del fellesturar, totalt har vi hatt 165 deltakarar på arrangementa våre. Men vi har eit ønske om å få til endå fleire lavterskel og lokale turar gjennom heile året. Dette kjem vi til å jobbe vidare mot i 2022.

## **Fellesturer og turleiargruppe 2021.**

**Ansvarleg for turleiargjengen:** Jannike Brenden Frøyen

**Turleiarar 2021 - totalt 12 stk:**

Vi fekk ikkje gjennomført førstehjelpskurs som planlagt i vår, p.g.a. Korona.

Vi har hatt kommunikasjon i turleiargruppa på lukka Facebookside.

Vi har utdanna 6 nye turleiarar og ein breførar.

### **Oppsummering fellesturar 2021**

Noko avlysing grunna korona første del av turåret, men turane som er gjennomført har vore svært vellykka. Totalt (uten Barnas Turlag og Ung) har det vore 162 stk på fellesturane (medrekna 7 ung og 6 barn) (2020 var det 74)

Turleiargruppa har hatt to møte sidan sist årsmøte. Elles god kommunikasjon på facebook.

Eitt møte før turåret, og eitt oppsummering/førebuande møte til neste års program. Idédugnad til nye turleiarar: Har skaffa fem nye turleiar-kandidatar.

Vi er blitt flinke til å opprette arrangement i forkant av turane, dette kan med fordel skje enda tidlegare slik at også rette opplysningar kjem på nettsida. Og - vi er kjempeflinke på bildedeling/innlegg på facebook etter turane.

## Turåret 2021

Fellestarar	2021				Antall
11.04.2021		Opa Moldahytte	Fot	Avlyst grunnet Corona	0
17.04.2021		Vingelv sætra	fot	Per Arne og Tobias	4 voksen +1 ung + 1 barn
18.04.2021		KKK -Kårnyken, Klakegga og Kvasshornet	Ski	Svenn Petter og Jannike	10 voksen
25.04.2021		Frøya øya over Nesje via Dosabu til Kalvåg	Fot	Stine og Tobias	3 voksen + 1 ung
01.05.2021		Keipen	Ski	Jannike og Stine og Tobias	18 voksen + 1 ung
09.05.2021		Opa Knekkevasshytte	Fot	Vertskap	Avlyst grunnet Corona
16.05.2021		Aksla, Ålfoten	Fot	Elisabeth og Johnny	Avlyst grunnet vær
22-23.05.2021		Gjegnabu .....over.....til..... Overnatting	Ski	Svenn Petter og Jannike	Avlyst grunnet vær
05.06.2021		Blånipa/Smylmedalsegga (Hyen)	Fot	Per Arne og Gry	8 voksne
13.06.2021		Kvasshornet	Fot	Steinar og Stine	Avlyst grunnet snø
19-20.06.2021		Solnedgang til Soloppgang	Fot	Gry og Svenn Petter	Avlyst grunnet vær
20.06.2021		Vingekvarvane	Fot	Per Arne og Stine	6 Voksne
27.06.2021		Gullsmedhytta	Fot	Svenn Petter og Gry	24 voksen +2 ung
04.07.2021		Trollefjellet	Fot	Liv og Johnny	8 voksne
01.08.2021		Smalerabben	Fot	Elisabeth og Johnny	17 voksne + 1 ung + barn 3
14-15.08.2021		Blåbrebu ....over....til..... Overnatting	Fot	Svenn Petter og Jannike	6 voksen
22.08.2021		Ålfotbreen	Fot	Steinar, Jonny, Elisabeth og Jannike	29
29.08.2021		Ploggen	Fot	Inger Lise og Kjell Morten	Avlyst pga m,anglende turlleder
04.09.2021		Staven	Fot	Inger Lise og Kjell Morten	15 voksen + 1 ung
03.10.2021		Opa Knekkevasshytte	Fot	Vertskap	12 voksen + 2 barn
Ung					
05.05.2021		Opptur 9. Klasse	Fot	Per Arne og Kirsten	7 voksen + 33 Ung
12.05.2021		Opptur 8. Klasse	Fot	Per Arne og Kirsten	6 Voksen + 27 Ung
				Total uten BT	173 voksen+67 Ung +6 barn

## Turboktrimmen 2021.

Ansvarlege for Turboktrimmen har vore: Svenn Petter Kjerpeset og Jannike Brenden Frøyen

Det har som det bruker vore solgt kort ved 4 butikkar:

- Spar Kalvåg
- Spar Bremanger
- Coop Prix Svelgen
- Nærbutikken Davik

Kort blir solgt for kr 100,-. Butikkane sel konvoluttar og registrerer kjøperen, som er nytt av året sidan ein nå ikke leverer klipte kort inn igjen.

Turboktrimmen har dette året vore gjennomført med elektronisk registrering GEOREG. Noko som har redusert arbeidet kraftig.

Aktiviteten viser til Turboka, Vi har SjekkUt-lister og er godt markedsført på Facebook-side Turboktrimmen. Den har og vert markedsført på Keipen Turlag si Facebook side, heimesida og med plakater på butikkane.

Turboktrimmen


10 poster i 10 soner:

Benken på Storehovden, Kalvåg  
Martinsbakken over Grotle, Bremanger  
Førdsnipa, Bremanger  
Hesteviksætra, Berle  
Aksla, Davik  
Klauekeipen, Magnhildskaret  
Trollefjellet, Svelgen  
Såta, Svelgen  
Tjønnvatnet, Svelgen  
Litle Åskorvatnet, Ålfoten

Oppsummering Turboktrimmen:

Nesten 7 mnd. aktivitet, fra 26. mars til 17. oktober 2021. Turboktrimmen hadde salg til 51 personer og 28 gjennomførte. Premie 2021 er flotte kopper med Keipen Turlag-logo. Kvit utanpå – rødt inni

Turboktrimmen har no gått i 9 år:



## Fjelltrimmen Svelgen.

Fjelltrimmen Indre (Svelgen) har gått frå 1.november 2020 til ut oktober 2021. I år har det vore 10 poster sidan Toppen er ny dette året.

Desse har flest poeng samla Fjelltrimmen Indre 2020/2021:

Fire personar hadde besøkt alle postane.

Vinnar av fjelltrimmen får gavekort av 500 kr

Gavekort til ein tilfeldig som har vært på alle postane 500 kr

<b>Post:</b>	<b>Tal besøk 2019:</b>	<b>Tal besøk 2020:</b>	<b>Tal besøk 2021:</b>
Risevatnet 3,5 km	2503	2095	2539
Risevatnet - Vasskaret	391	296	444
Moldahytta	1958	1177	807
Martinbu/Sandsegga	1338	1051	1250
Omvendeskaret	61	68	89
Ivervatn	369	173	175
Knekkevasshytta	223	106	226
Jakthytta Ytrehus	279	264	244
Gulebrystet	325	104	168
Toppen			264
<b>Samla besøk:</b>	<b>7447</b>	<b>5334</b>	<b>6206</b>